



UNIVERSITETET
I BERGEN


SOSIAL BEREKRAFT I VESTLAND

Ein dokumentanalyse av kommunale plandokument

HEMIL - Rapport 2/2024

Olin Baalid Oldeide, Malin Schrøen Johansen & Elisabeth Fosse

2024



1. Innleiing

Bakgrunn for prosjektet og mål med rapporten	2
Berekraft og sosial berekraft	3
Sosial berekraft og folkehelse	5
Ansaret og rollene til kommunane	6
Problemstilling	8

2. Dokumentanalyse av kommunalt planverk

Datainnsamling	9
<i>Skildring av kommunane</i>	12
Analyse av kommunale dokument	12

3. Funn frå dokumentanalysen

Berekraftsmåla på agendaen	15
Forståing av sosial berekraft	16
<i>Gode lokalsamfunn byggjer sosial berekraft</i>	17
<i>FOLK = BEREKRAFT</i>	18
<i>sosial berekraft som ei utfordring</i>	21
<i>Sosial berekraft - ein del av ein større heilskap</i>	21
Folkehelse <--> berekraftig utvikling	24
<i>Berekraft som retningsgjevande i folkehelsearbeidet</i>	25
<i>God folkehelse som ein føresetnad for berekraft</i>	26
Sosial ulikskap - ei hindring for sosial berekraft?	28
Oppsummering av funn	31

5. Diskusjon av funn


Implementering av berekraftsmåla **33**

Forståing av sosial berekraft **35**

Folk = Sosial berekraft? **36**

Sosial berekraft - eit "begrep hvis tid er kommet" **37**

Sosial berekraft og folkehelse - ein felles agenda **38**



6. Oppsummering **41**

7. Referansar **43**

SAMANDRAG

Sosial berekraft er eit nyord innan folkehelsearbeidet. Denne rapporten vil skildra korleis dette omgrepet vert nytta i kommunale plandokument i Vestland fylkeskommune. Rapporten byggjer på ein dokumentanalyse frå prosjektet «Sosial berekraft i Vestland», som er utført av forskarar ved Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL) og finansiert av Vestland fylkeskommune.

Dokumentanalysen viser at berekraftsmåla har fått ei tydeleg, retningsgjevande rolle for arbeidet til kommunane, men at det er store skilnadar mellom korleis kommunane nyttiggjer seg av omgrepa i planane. Medan nokre kommunar både gjev berekraftsmåla stor plass og knyter dei opp mot eigne målsetjingar og satsingar, viser andre kommunar ein meir sporadisk og sjeldan bruk av berekraftsmåla. Dette spriket mellom kommunane ser også ut til å gjelde for sosial berekraft. Analysen viser vidare at kommunane ser ein samanheng mellom berekraft og folkehelse. Kommunane skildrar både berekraftig utvikling som grunnleggande i folkehelsearbeidet og folkehelsearbeidet som essensielt for ei berekraftig utvikling. Analysen viser at nokre kommunar klarer å nyttiggjere seg av den sosiale berekraftsagendaen for å mobilisere i arbeidet med lokale folkehelseutfordringar.

T INNLEIING

Bakgrunn for prosjektet og mål med rapporten

I 2015 lanserte FN berekraftsmåla sine, med 17 hovudmål som skisserer ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot skilnadar og stogge klimaendringar innan 2030 (FN, 2015). Desse måla er retta mot å oppnå berekraftig utvikling langs tre dimensjonar: miljø, økonomi og sosiale forhold. Det vert forventa at ulike delar av samfunnet, både nasjonalt og globalt, implementerer desse berekraftsmåla i arbeidet sitt, og Noreg har forplikta seg til dette.



Foto: FN

I Stortingsmelding nr. 40 (2020–2021) vert det gjort greie for FNs berekraftsmål og norsk politikk for å oppnå dei. Dette er Noregs handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030. På s. 8 står det: «Regjeringen har bestemt at 2030-agendaen med bærekraftsmålene skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer. Det betyr at bærekraftsmålene utgjør en overbygning for regjeringens politikk, både nasjonalt og internasjonalt.» Samstundes understrekar regjeringa betydninga av lokal innsats. Ifølgje FN krev

nemleg 65 prosent av berekraftsmåla lokal innsats for å kunne realiserast (Sustainable Development Solutions Network, 2016). Difor spelar lokale og regionale myndigheiter ei avgjerande rolle i implementeringa av måla. Dette vert reflektert i *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019– 2023*, der det vert understreka at fylkeskommunar og kommunar skal legge berekraftsmåla til grunn for samfunns- og arealplanlegginga (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019).

Fleire undersøkingar viser at kommunane har begynt arbeidet med å integrere berekraftsmåla i planarbeidet sitt, men at dei framleis er i ein tidleg fase prega av stor variasjon i framgang (Lundberg et al., 2020; Romsaas et al., 2021). Sjølv om FN legg vekt på at dei enkelte berekraftsmåla er gjensidig avhengige av kvarandre, har dimensjonen sosial berekraft vorte omtalt som eit ullent omgrep og «the forgotten pillar» (Opp, 2017). Samstundes har sosiale forhold fått mindre merksemd enn dei to andre dimensjonane, miljø og økonomi (FHI, 2020). Folkehelsearbeidet har fleire fellestrekk med den sosiale dimensjonen av berekraftsmåla, og dermed har sosial berekraft fått ei aukande rolle i det lokale folkehelsearbeidet. Det er difor viktig å undersøke korleis sosial berekraft vert forstått og implementert i folkehelsearbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt.

I 2022 initierte Vestland fylke eit forskingsprosjekt, og Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL) ved Universitetet i Bergen fekk oppdraget med å undersøke sosial berekraft i det lokale folkehelsearbeidet. Vi utvikla eit delprosjekt som har særskilt fokus på kommunar si forståing av omgrepet sosial berekraft og korleis dei nyttar det i lokale plandokument. Målet med denne rapporten er å gje innsikt i korleis overordna omgrep innan berekraft vert nytta i lokalt arbeid.

Berekraft og sosial berekraft

Brundtland-rapporten frå 1987 definerer berekraftig utvikling på følgjande måte: «*Bærekraftig utvikling er utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende*

generasjoner skal få dekket sine behov» (Brundtland & Dahl 1987, s. 42). Hofstad og Bergsli (2017) og andre forfattarar meiner denne definisjonen fortsett er den allment aksepterte definisjonen av berekraftig utvikling, både i Noreg og internasjonalt. Dei understrekar at utgangspunktet for definisjonen ikkje er miljø, men heller menneske og menneskelege behov. Brundtland-rapporten slår fast at *«å tilfredsstille menneskelege behov og forventingar er hovudmålet for utvikling»* (Brundtland & Dahl 1987, s. 42). Sjølv om helse vert nemnt i Brundtland-rapporten, påpeiker Hofstad og Bergsli (2017, s. 30) at fokuset der først og fremst er retta mot berekraftig utvikling som eit middel i kampen mot fattigdom. Ei tydelegare vektlegging av helse kom først fram seinare, i konferansane for miljø og utvikling i 1992 og 2002. Viktigast av desse er Rio-konferansen i 1992 (FN, 1993).

Litteraturgjennomgangen utført av Hofstad og Bergsli (2017) er den mest siterte og brukte i diskusjonar om sosial berekraft i Noreg. I rapporten konkluderer dei med at i motsetnad til omgrepet berekraft, som det i stor grad finst ei felles forståing av, manglar det ein felles definisjon av sosial berekraft. Dette vert også påpeikt av Griessler og Littig (2005), som skildrar at den sosiale dimensjonen av berekraft er noko uklar og utydeleg i innhald. Ulike fagdisiplinar og område opererer med ulike definisjonar. Generelt handlar sosial berekraft om å velje retning for samfunnsutviklinga på grunnlag av uttalte sosiale mål. Verkemidla for å nå desse måla kan derimot ligge i fleire av berekraftsdimensjonane. Ifølgje Hofstad og Bergsli (2017, s. 35) er dei viktigaste temaa for sosial berekraft

- å dekke grunnleggande behov
- å ta ut det menneskelege potensialet
- rettferdig eller lik tilgang til gode og ressursar
- sosial kapital og sosial «samanheng»
- stadstilhøyrse
- medverknad
- helsefremjande og gode lokalsamfunn

Ei nyleg oppdatering av Hofstad og Bergsli sin studie frå 2017, utført av Zeiner (2022), viser ein kraftig auke i bruken av omgrepet sosial berekraft dei siste åra. Det er produsert fleire artiklar om temaet i perioden 2017–2020 enn i perioden 1990–2017 (Zeiner, 2022). Zeiner skriv at det ser ut til å utkrystallisere seg ei felles forståing, der dei ulike delane av berekraftomgrepet byggjer opp under kvarandre. Zeiner (2022) identifiserer fem overordna prinsipp for sosial berekraft:

1. grunnleggande behov
2. sosiale tenester og sosial infrastruktur
3. sosial kapital og sosialt samhald
4. rettferdig fordeling
5. innflytelse

Zeiner (2022) peiker også på nokre aspekt av sosial berekraft som ho meiner kan og bør utviklast vidare. For det første må omgrepet tilpassast ulike kontekstar og politiske nivå. Ho argumenterer for at omgrepet må operasjoniserast på alle samfunnsnivå, frå det globale via det nasjonale til det lokale. For det andre må det vere eit særleg fokus på å sikre moglegheitene til deltaking, blant anna til å operasjonisera innhaldet i omgrepet. Oppsummert gjev litteraturgjennomgangen av Zeiner eit inntrykk av eit omgrep som er uoversiktleg heller enn omstridt, men som over tid vert meir mogent og mindre kaotisk (Zeiner, 2022). Ho konkluderer slik (s. 20): «Gjennomgangen tyder på at sosial bærekraft er et begrep hvis tid er kommet.»

Sosial berekraft og folkehelse

Hofstad og Bergsli (2017) viser i rapporten sin til eit nært slektskap mellom sosial berekraft og folkehelse. Både berekraftig utvikling og helsefremjing har vorte utforma og vidareutvikla på internasjonale konferansar og inkludert i politiske mål og visjonar internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Meir enn å gje konkrete anbefalingar fungerer omgrepa som moralske og etiske mål å strekke seg etter. Hofstad og

Bergsli (2017) har samanlikna omgrepa helsefremjing og sosial berekraft og funne at dei har fleire fellestrekk, blant anna at menneskelege behov står i sentrum, og at sosial rettferd og sosial støtte står sentralt i utviklinga av helsefremjande og berekraftige lokalsamfunn. I tillegg er helse og sosial berekraft gjensidig avhengige av kvarandre, og begge vert fremja gjennom innsats på tvers av samfunnets sektorar og nivå, gjennom myndiggjering av lokalsamfunn og befolkninga sin medverknad. Sjølv om det er synergjar mellom sosial berekraft og folkehelse, understrekar Hofstad og Bergsli (2017) at sosial berekraft ikkje burde erstatte folkehelseomgrepet. Tvert imot bør denne felles forståinga bidra til at dei to omgrepa understøttar og forsterkar kvarandre i arbeidet for ei meir helsefremjande og utjamnande samfunnsutvikling. Dette kjem også fram i ein rapport som er gjeven ut av Helsedirektoratet i 2018, der folkehelsearbeidet og god helse er ein føresetnad for berekraftig utvikling (Helsedirektoratet, 2018).

Eit vesentleg element av sosial berekraft er å redusere sosial ulikskap i helse, noko som også er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Hofstad og Bergsli (2017) understrekar at å utjamne skilnadar har eit stort potensial for å forbetre folkehelsa, og er ein viktig faktor for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling. Rapporten konkluderer med at ei tydelegare kopling mellom sosial berekraft og folkehelse vil kunne styrke den sosiale berekraftsdimensjonen, samstundes som folkehelse tydelegare vert kopla til berekraftsagendaen.

Ansvaret og rollene til kommunane

I 2012 fekk Noreg ei folkehelselov, som skisserer fem grunnprinsipp for folkehelsearbeidet: helse i alt vi gjer, berekraftig utvikling, sosial rettferd i helse, føre-var-prinsippet og deltaking. Målet var å realisere desse målsetjingane gjennom ei «helse i alt vi gjer»-tilnærming, det vil seie eit samarbeid mellom alle samfunnssektorane (WHO, 2013). I tråd med dette perspektivet er det ikkje helsetenesta sitt ansvar å fremje likeverd og god helse, men eit ansvar som alle sektorar har. Folkehelselova forpliktar kommunane til å drive systematisk folkehelsearbeid, der dei

internasjonale forpliktingane innan berekraftig utvikling kjem til uttrykk. Kommunesektorens organisasjon (KS) har vore ein pådrivar for å setje i verk berekraftsmåla, særskilt i kommunane. Det er blant anna etablert eit berekraftsnettverk, der kommunar og fylkeskommunar samarbeider med KS om å setje i verk berekraftsmåla innan 2030.

Ein rapport frå KS skriven av Romsaas og kollegaer (2021) summerer opp korleis norske kommunar har integrert FNs berekraftsmål i verksemda si. Rapporten er basert på både kvalitative og kvantitative data frå 118 kommunar. Han konkluderer med at dei aller fleste kommunar har sett i gang arbeidet med berekraftsmåla og integrert dei i kommunale planar, men at det er stor variasjon i graden av framgang mellom kommunane. Rapporten peiker på fleire hinder for å kunne implementere måla, slik som kapasitetsmangel, ressursknappleik, kompetanseutfordringar og utilstrekkeleg tilgang på verktøy og arbeidsmetodar. Respondentane i undersøkinga understrekar viktigheita av politisk og administrativt eigarskap, og dessutan kapasitet og evne til å omsette berekraftsmåla til kommunen si verksemd for å lukkast (Romsaas et al., 2021).

Liknande funn vart gjorde i ei kartlegging utført av Nordlandsforskning, som såg på korleis berekraftsmåla vert implementerte i regional og kommunal planlegging. Dei gjennomførte ei spørjeundersøking blant alle norske kommunar, og individuelle intervju og dokumentanalysar i seks kommunar og fem fylkeskommunar (Lundberg et al., 2020). Dei beskriv ein situasjon der norske kommunar og fylkeskommunar er i ein innleiande fase av arbeidet med berekraftsmåla, og der forskjellane mellom dei er betydelege. Trass i at nokre få kommunar ligg i front i arbeidet med berekraftsmåla, er fleire framleis i «startgropa» (Lundberg et al., 2020).

Samstundes går det føre seg aktivitet med sosial berekraft i kommunane. I 2017 starta ei tiårig satsing (2017–2027) på kommunalt folkehelsearbeid. Satsinga skal bidra til ei langsiktig styrking av kommunane sitt arbeid med å fremje helse og livskvalitet i befolkninga. Barn og unge, psykisk helse og rusførebygging er sentrale tema.

Programmet vert leia av Helsedirektoratet. I tillegg har Forskningsrådet finansiert forskingsprosjektet SosLokal – Sosial bærekraft som ny drivkraft i lokalsamfunnsutviklingen. Sidan 2020 har kommunane Kristiansand, Stavanger og Fredrikstad samarbeidd med forskarar frå NIBR/OsloMet og Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) om å teste ut nye metodar for sosialt berekraftig samfunnsutvikling. Sunne kommuner er også partner i prosjektet, saman med ei rekke internasjonale aktørar, deriblant andre medlemmer av WHO Healthy Cities. Også rapporten frå KS (Romsaas et. al, 2021) inneheld eksempel på kommunale tiltak som bidrar til å setje i verk berekraftsmåla.

I forbindelse med oppstarten av SosLokal-prosjektet gjennomførte Hege Hofstad ein litteraturstudie om sosial berekraft i 2021. Eit viktig funn i undersøkinga er at om kommunane inkluderer sosial berekraft tidleg i prosjektet eller planprosessen, legg det føringar for korleis utviklinga vert vidare. Funna hennar viser at det blant anna er viktig å integrere sosial rettferd som ein del av visjonen for planen tidleg i prosessen, gje lokale aktørar moglegheit til å delta og bidra i prosessen og skape forståing av forholdet mellom sosial rettferd og tilføring av kvalitetar til lokalsamfunnet (Hofstad, 2021).

Problemstilling

Denne rapporten har som føremål å undersøke korleis omgrepet sosial berekraft vert nytta i kommunalt planverk for å gje innsikt i korleis kommunar arbeider med temaet. Dette vert undersøkt ved å gjennomføre ein dokumentanalyse av kommunale planverk i Vestland fylke sine 43 kommunar. Hovudføremålet var å undersøke kommunane si forståing av sosial berekraft, spesielt i samanheng med folkehelsearbeidet.

2 DOKUMENTANALYSE AV KOMMUNALT PLANVERK

Berg og Lune (2012) skildrar dokumentanalyse som ei metodisk, detaljert og systematisk undersøking og fortolking av bestemte materiale, som nyttast for å finne mønster, tema, tendensar og meiningar som oppstår. Ein kan sjå på dokument som meir enn tekstar, heller som verktøy for å forstå samtida (Asdal & Reinertsen, 2022). Flick (2009) er klar på at dersom ein nyttar dokument i forsking, bør ein alltid sjå på dei som kommunikasjonsmiddel som krev at ein er merksam på konteksten dei vart skrivne i, og forstår kva dei skal kommunisere. I denne dokumentstudien nyttar ein plandokument frå kommunar som har som føremål å kommunisere den vedtekne politikken i ei kommune.

Datainnsamling

Plandokumenta som vart inkluderte i analysen, er kommuneplanens samfunnsdel, kommunal planstrategi og folkehelseoversikt. Kommuneplanen er kommunane sin viktigaste overordna plan for korleis kommunen skal utvikle seg framover, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel (KPS) framhevar utfordringane, måla og strategiane som kommunane skal arbeide med framover. Kommunal planstrategi skisserer kommunen sine planbehov og kva planar kommunen ønsker å prioritere i tida framover. Folkehelseoversikta gjev oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dannar grunnlaget for folkehelsearbeidet i kommunen. Kommunane skildrar ofte desse tre dokumenta som retningsgjevande for arbeidet sitt.

Planane vart innhenta frå kommunen sine nettsider. Dei planane som ikkje låg tilgjengelege på nett, vart etterspurde og innhenta gjennom e-postutveksling med kommunane. Planane som vart inkluderte, var dei

gjeldande eller nyaste planane per august 2023. Dei inkluderte dokumenta frå kvar kommune er presenterte i **tabell 1**. Totalt bestod datamaterialet av 123 kommunale dokument: 43 kommuneplanar (samfunnsdelen), 43 planstrategiar og 37 folkehelseoversikter. På det tidspunktet då analysen vart gjennomført, var det fleire kommunar som ikkje hadde ferdigstilt folkehelseoversikta, og desse dokumenta vart difor ikkje inkluderte i analysen.

Tabell 1. Kommunar og planar inkluderte i dokumentanalysen.

Kommune	Innbyggjartal	KPS	Plan-strategi	Folkehelse oversikt
Alver	29 593	X	X	X
Askvoll	2 951	X	X	X
Aurland	1 766	X	X	X
Austevoll	5 283	X	X	X
Austrheim	2 889	X	X	-
Bergen	286 930	X	X	X
Bjørnafjorden	25 213	X	X	X
Bremanger	3 521	X	X	X
Bømlo	12 061	X	X	X
Eidfjord	937	X	X	-
Etne	4 043	X	X	X

Fedje	502	X	X	X
Fitjar	3 117	X	X	X
Fjaler	2 901	X	X	X
Gloppen	5 875	X	X	X
Gulen	2 230	X	X	X
Hyllestad	1 290	X	X	-
Høyanger	3 965	X	X	X
Kinn	17 131	X	X	X
Kvam	8 497	X	X	X
Kinnherad	13 017	X	X	X
Luster	5 204	X	X	X
Lærdal	2 117	X	X	X
Masfjorden	1 629	X	X	X
Modalen	378	X	X	X
Osterøy	8 131	X	X	X

Samnanger	2 501	X	X	X
Sogndal	12 097	X	X	-
Solund	768	X	X	X

Skildring av kommunane

Analysen inkluderte alle kommunane i Vestland fylke, som består av dei tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Til saman er det 43 kommunar i fylket. Fylket har ein svært variert geografi, alt frå små øykommunar ved kysten til større innlandskommunar prega av fjellandskap. Kommunane er også svært ulike i størrelse og innbyggjartal. Vestland består blant anna av Noregs nest største by, Bergen, i tillegg til andre mellomstore byar og fleire mindre tettstadar. Den minste kommunen er Fedje kommune med eit areal på berre 9 km², og Ullensvang er den største kommunen med sine 3230 km². Når det gjeld folketal, er Bergen kommune den klart største med 286 930 innbyggjarar. Vestlandets minste kommune er Modalen, som har berre 378 innbyggjarar.

Analyse av kommunale dokument

Analysearbeidet tok utgangspunkt i Braun og Clarke sin refleksive tematiske analyse (2006; 2019). Analysen vart gjennomført kommune for kommune. Dei tre utvalde dokumenta frå kvar kommune vart difor vurderte samla, for å gje eit heilskapleg inntrykk av kommunane sitt arbeid. I første omgang vart dokumenta lesne for å få ei oversikt over innhaldet. Det vart leitt etter bruk av orda berekraft, sosial berekraft, sosial ulikskap i helse, sosiale helseskilnadar og tilsvarande ord. Her vart det notert ned observasjonar og tolkingar av innhaldet undervegs.

Deretter vart dokumenta lesne grundigare, og viktig innhald vart framheva og koda. Eksempel på kodar var til dømes: sosial berekraft utpeikt som ei nasjonal utfordring, samankopling av sosial berekraft og sosial ulikskap, samanheng mellom berekraftsdimensjonane og ulike erfaringar med sosial ulikskap.

Etter å ha analysert alle dokumenta frå ein kommune vart det skrivi ei kort skildring av kvar kommune. I den korte skildringa vart det heilskaplege inntrykket av kommunen sine dokument summert opp. Eksempel på oppsummering:

Bærekraftsmålene presenteres tidlig som grunnlag for KPS-en. Kommunen gjør også koblinger mellom folkehelse og levekår, strukturelle forhold og sosial rettferdighet, men sosiale ulikheter i helse nevnes ikke eksplisitt. Bærekraftsmålene er også grunnleggende for planstrategien, men jeg opplever ikke at det fokuseres på sosial bærekraft eller sosiale ulikheter i særlig stor grad videre, og at dette anses som en betydelig del av kommunens utfordringsbilde. I folkehelseoversikten gir kommunen en faglig innledning hvor det nevnes at sosioøkonomisk status påvirker helse, og de viser til ulike sosiale helsedeterminanter gjennom Dalhgren og Whiteheads modell. Samtidig opplever jeg ikke at sosiale helseforskjeller har en utbredt rolle nå de konkrete tallene fra kommunen presenteres gjennom planen.

Det neste steget av analysen var å sortere kodane inn i moglege tema. Kodane vart grupperte ut frå nokre fellestrekk, som gjentakande ord. Kodar vart både koda på nytt fleire gongar eller koda om. Hovuddelen av analysen tok utgangspunkt i oppsummeringa av kommunane, og kodane vart nytta som eit supplement for å utvide forståinga av arbeidet til kvar enkelt kommune. Alt analysearbeid vart gjennomført i analyseprogrammet Nvivo, som bidrog til å få oversikt over datamaterialet. Tema vart sidan diskuterte og organiserte i overordna tema og underordna tema. Dei endelege temaa er presenterte i **figur 1**.

Figur 1. Overordna og underordna tema fra analysen



3 FUNN FRÅ DOKUMENTANALYSEN

Berekraftsmåla på agendaen

Berekraft og berekraftig utvikling er eit gjennomgåande tema i dei kommunale planane som vart undersøkte. I innleiinga til planane skildrar kommunane ofte grunnlaget for utforminga av desse. Her vert det då vist til nasjonale og regionale føringar for planarbeidet.

Kommunane legg vekt på at regjeringa har utpeikt FNs berekraftsmål som det politiske hovudsporet for å ta tak i samfunnsutfordringane framover. Fleire kommunar trekkjer også fram dokumentet *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging*, der regjeringa presiserer at berekraftsmåla skal vere grunnleggande i samfunns- og arealplanlegginga. Desse føringane understrekar at FNs berekraftsmål skal gje retning til det kommunale arbeidet. Frå regionalt hald vert *Utviklingsplan – Regional planstrategi for Vestland fylke*, som byggjer på FNs berekraftsmål, også framheva som viktig i kommunane sitt arbeid. Med desse føringane som bakgrunn peiker fleire kommunar på berekraftig utvikling som eit overordna mål i arbeidet sitt.

Trass i at mange kommunar ser på berekraftsmåla som førande for det kommunale arbeidet, er det stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor mykje merksemd det får i planane. Enkelte kommunar vier betydeleg plass til å skildra forståinga si av berekraftsmåla og dei tre dimensjonane av berekraft. Desse kommunane knyter ofte måla til spesifikke satsingar og mål i sitt eige lokale arbeid. Andre kommunar presenterer berekraftsmåla kort innleiingsvis, utan å omtale dei i særleg stor grad utover i planane. Enkelte kommunar nemner ikkje berekraftsmåla i det heile tatt.

Nokre få kommunar erkjenner at dei har utfordringar med å implementere berekraftsmåla. Ein kommune uttrykker usikkerheit om korleis dei skal konkretisere berekraftsmåla, slik at dei kan nyttast aktivt i kommande planar. Ein annan kommune skildrar integreringa av berekraftsmåla i kommunal planlegging som ei av dei største utfordringane deira framover.



Ei ny, overordna utfordring frå no blir altså å konkretisere berekraftsmåla slik at dei blir synlege og nyttige mål i kommande planar. Å finne lokale indikatorar for om ein når måla, blir òg ein del av dette. (Bømlo kommune, Planstrategi)

Forståing av sosial berekraft

Sosial berekraft vert trekt fram som ei prioritering i fleire kommunar. Desse kommunane nemner at regjeringa har identifisert fire store utfordringar, blant anna «å skape eit sosialt berekraftig samfunn». Likevel varierer det mellom kommunane kor stor rolle sosial berekraft har i planane. Fleire kommunar omtalar sosial berekraft innleiingsvis i planane, ofte i samheng med berekraftsmåla, men unnlèt å nytte omgrepet vidare i planane. Andre kommunar omtalar tema som tilsynelatande handlar om sosial berekraft, sjølv om dette ikkje vert eksplisitt nytta. Ein betydeleg del av kommunane tematiserer difor ikkje sosial berekraft direkte. Nokre kommunar utmerker seg ved å gje sosial berekraft ei framtrødande rolle, der omgrepet vert omtalt aktivt og jamleg gjennom planane.

I kommunane sine skildringar av sosial berekraft og kva som er viktig for slik berekraft, gjentek nokre nøkkelord seg, blant anna tilhøyra, inkludera, deltaking, tryggleik, tillit, sosiale nettverk og møteplassar, mobilitet, attraktive bustadområde og butilbod, attraktive lokalsenter og levande lokalsamfunn. Likevel er det nokre tema som er særleg

framtrédande i kommunane si forståing av omgrepet. Desse vert utdjupa i det vidare.

Gode lokalsamfunn byggjer sosial berekraft

Når kommunane omtalar sosial berekraft, har fleire eit utprega fokus på utviklinga av berekraftige lokalsamfunn. Fleire kommunar understrekar at sosial berekraft inneber at innbyggjarane deltek i og kjenner tilhøyrslø til nærmiljøet og lokalsamfunnet. Her legg kommunane vekt på betydninga av like moglegheiter for deltaking i nærmiljøet, tilgang til gode sosiale møteplassar, openheit og tillit. Ein kommune skriv at sosial berekraft blant anna inneber at «*miljøa står seg over tid*» (Bømlo kommune, KPS), og legg til viktigheita av at lokalsentera utgjer «*sosiale pilarar i kommunen*». Ein annan kommune hevdar at sosial berekraft vert oppnådd på følgjande måte:



Sosial berekraft skal sikrast ved at innbyggjarane opplever tilhøyrslø til nærmiljøa og lokalsamfunnet. Sosiale nettverk, brubygging og ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik kan bidra til dette. (Voss herad kommune, KPS)

Det kan tyde på at ei rekke kommunar ønsker å tryggje lokalsamfunnets berekraft ved å skape attraktive og levande lokalsamfunn. Fleire skriv at dei vil oppnå dette ved å sørge for at innbyggjarane har sosiale møteplassar, forskjellige kultur- og fritidstilbod og varierte og attraktive butilbod. Som ein del av denne innsatsen fokuserer kommunane på å vidareutvikle dei fysiske omgjevnadane i kommunen. Ein kommune påpeiker at sosial berekraft blant anna inneber å «*skape gode, helsefremmende omgivelser for mennesker å oppholde seg i*» (Voss herad kommune, KPS). Ein annan kommune framhevar verdien av attraktive bustadområde for å fremje sosial berekraft:



Attraktive bustadområde handlar først og fremst om levekår og sosial berekraft: moglegheit til å kunne delta i nærmiljøet, møte andre, ha tilgang til opne, trygge, sosiale møteplassar med moglegheit for fysisk aktivitet. (Bømlo kommune, Planstrategi)

Fleire andre kommunar har også fokus på tilsvarende tematikk, sjølv om dei ikkje eksplisitt omtalar dette som sosial berekraft. Desse kommunane uttrykkjer ønske om å skape livskraftige eller levande lokalsamfunn og sterke lokalsenter. Desse omgrepa ser ut til å verte brukte både uavhengig av og delvis overlappende med omgrepet sosial berekraft. Når desse kommunane omtalar livskraftige eller levande lokalsamfunn, framhevar dei mykje av dei same elementa som andre kommunar identifiserer som ein del av sosial berekraft.

FOLK = BEREKRAFT

Fokuset på å skape livskraftige eller berekraftige lokalsamfunn, der innbyggjarane har moglegheit til å skape gode liv, synest å vere nært knytt til ei stor utfordring for fleire kommunar – nemleg at folketallet minkar. I dei ulike kommunale planane skildrar fleirtalet av kommunane ein trend med aukande utflytting, manglande tilflytting og ei aldrande befolkning. Fleire kommunar held dermed fram folketalsvekst som eit overordna mål i planane sine, og noko som er retningsgjevande for all deira verksemd.

Det er likevel berre eit mindretal kommunar som set ord på samanhengen mellom sosial berekraft og folketal. Dei få kommunane som gjer dette, derimot, ser på auka folketal som sjølve grunnlaget for sosial berekraft. Dei hevdar at utan tilstrekkeleg med innbyggjarar i kommunen manglar dei grunnlag for å arbeide med sosial berekraft. Ein kommune summerer det opp slik:



Folk = berekraft – både sosialt, økonomisk og i tenesteproduksjonen. (Masfjorden kommune, KPS)

Ein annan kommune understrekar at det må leggjast til rette for auka tilflytting og å halde på dei innbyggjarane dei har, for å skape ei livskraftig utvikling. Dei summerer det opp slik: «*For at vi skal møte framtida som eit livskraftig samfunn, må vi bli fleire*» (Stad kommune, KPS). Her dukkar omgrepet livskraftig utvikling/samfunn opp att. I staden for å skrive om berekraftig utvikling vert det skrive om livskraftig utvikling. Samstundes er utfordringa den same.

Ein kommune skildrar nedgangen i folketal i kommunen som «*den største trusselen mot å være et livskraftig og bærekraftig lokalsamfunn*» (Masfjorden kommune, KPS). Ein annan kommune skriv at auken i eldre og nedgangen i unge / unge vaksne «*svekker berekrafta i kommunen*» (Hyllestad kommune, KPS). Ein tredje kommune beskriv utfordringane knytte til folketal slik:



Sosial berekraft sørger for at innbyggjarane trivst der dei bur og kan bu der heile livet, frå vogge til grav. I dag har Ullensvang kommune ei utfordring i at dei i etableringsfasen får færre born, dei som vil ha høgare utdanning må flytte vekk, og dei som er ferdig utdanna ikkje flyttar hit. Born og unge i medverknadsprosessen legg vekt på at det ikkje er nok møteplassar som er lagde til rette for deira ønske. Dei har ikkje reelle tilbod utover nokre få idrettstilbod og kulturskulen, og kollektivtilbodet er i stor grad ikkje tilpassa deira daglegliv. Dei i familiefasen saknar fritidstilbod for vaksne, særleg ute i bygdene. Det er ønske om meir variert uteliv, kulturliv og levande lokalsamfunn. (Ullensvang kommune, KPS)

Her antydar kommunen at utfordringa med minkande innbyggjartal er knytt til at kommunen ikkje er tilstrekkeleg tilrettelagd for innbyggjarane, og at han difor ikkje opplevast attraktiv nok til å tiltrekke seg og halde på innbyggjarar.

Dette er òg noko andre kommunar påpeiker. Desse kommunane hevdar at å skape ein stad der folk ønsker å bu, er ein føresetnad for å tiltrekke seg innbyggjarar. Det handlar om å gjere seg attraktive for moglege nye innbyggjarar så vel som eksisterande innbyggjarar. Ein kommune skriv at dei vert sosialt berekraftige gjennom



... at de som bor her opplever at dette er et så godt sted å bo at de velger å bli boende og ved å synliggjøre de gode bokvalitetene og mangfoldet av spennende arbeidsplasser i næringslivet slik at flere velger å flytte hit. For at vi skal være et samfunn som folk ønsker å flytte til, må vi først og fremst skape et samfunn der folk vil bo.(Stad, KPS)

Kommunane ønsker å oppnå dette gjennom å satse på innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet. Ein kommune uttrykkjer det slik:



Den sosiale berekrafta er ein viktig berebjelke i eit lokalsamfunn. Ein viktig komponent av dette er at det skal vere mogleg for alle innbyggjarane å ha gode liv i tettstadane våre. Når vi gjer tettstadane betre tilrettelagde for fleire brukarar, vil vi òg famne eit breiare segment som kan tenkje seg å busetja seg i kommunen. Samstundes gjer vi det lettare for mange av dei som allereie bur her.
(Ullensvang kommune, KPS)

Det skal seiast at mange kommunar ikkje direkte koplar saman berekraft og folketal. Samstundes aktualiserer mange fråflyttingsproblematikken og understrekar behovet for å auke folketalet. Dette står fram som ei vesentleg utfordring på tvers av fylket. Desse kommunane framhevar behovet for å skape gode lokalsamfunn, men dei omtalar ikkje nødvendigvis dette som ein del av berekraftig utvikling.

Sosial berekraft som ei utfordring

Enkelte kommunar gjev uttrykk for at dei ikkje veit korleis dei skal arbeide med sosial berekraft og påpeiker at dette er krevjande arbeid. To kommunar skriv at dei må bidra til å skape sosialt berekraftige samfunn, men at dei er usikre på korleis dei skal jobbe med dette i planarbeidet. Ein annan kommune uttrykkjer også vanskar med å ta omsyn til alle tre berekraftsdimensjonane samstundes:



Utfordringa vil vere å oppnå ein vinn-vinn-situasjon som gjer at miljømål, velferdsmål og økonomiske mål stør opp einannan og drar i same retning. Korleis planlegge for å få størst mogleg reduksjon i klimagassutslepp og samstundes stø opp om velferdsmål og størst mogleg økonomisk samfunnsnytte? (Osterøy kommune, KPS)

Sosial berekraft - ein del av ein større heilskap

Når berekraft vert omtalt, presenterer fleirtalet av kommunane dei tre berekraftsdimensjonane – sosial berekraft, miljømessig berekraft og økonomisk berekraft. Mange kommunar understrekar at desse dimensjonane påverkar kvarandre og difor må sjåast i samanheng. Kommunane beskriv det som at «alt heng saman med alt», og at ein må lukkast med det eine for å få til det andre. Med andre ord antydar dei at

sosial berekraft må sjåast i eit større bilete, som også inkluderer miljømessig og økonomisk berekraft.



Dei tre berekraftsmåla må sjåast i samanheng. Mål knytte til ulike sider av miljø vil såleis få innverknad på velferd, folkehelse og næringsutvikling. Eit berekraftig samfunn må vere klimavenleg og ta vare på natur- og ressursgrunnlaget, samstundes som det må ha livskraftige lokalsamfunn og eit næringsliv som både gir verdiskaping og arbeidsplassar. (Osterøy kommune, KPS)

Trass i at fleire kommunar introduserer dei tre berekraftsdimensjonane i planane sine, er det færre kommunar som reflekterer rundt kva dimensjonar som bør prioriterast først. Fleire framhevar ei tydeleg prioriteringsrekkefølge, der miljømessig berekraft er førsteprioritet. Desse kommunane skildrar miljømessig berekraft som ei ramme eller ein føresetnad for både sosial og økonomisk berekraft.

Ein kommune skriv at klima og miljømessig berekraft «er så grunnleggande for vår eksistens at det må ligge til grunn for all berekraftig utvikling» (Vaksdal kommune, planstrategi). Ein annan kommune uttaler at «*verken samfunn eller økonomi har noko framtid utan eit klima og miljø i balanse*» (Etne kommune, folkehelseoversikt). Med dette som utgangspunkt påpeiker fleire kommunar at sosial berekraft er avhengig av miljømessig berekraft. Vidare skildrar fleire kommunar sosial berekraft som ein føresetnad eller eit fundament for økonomisk berekraft. Ein kommune summerer opp forholdet mellom berekraftsdimensjonane slik:



Jorda si tålegrense set ytre rammer for berekraftsarbeidet. Skal me ha ein leveleg og trygg kommune i framtida, lyt samfunnet difor halda seg innanfor desse. Grunnleggande sosiale kriterium for å kunna leva trygt og godt i eit fungerande samfunn set igjen rammene for økonomisk aktivitet. (Voss herad kommune, Folkehelseoversikt)

Vidare er det nokre få kommunar som reflekterer rundt konsekvensane av ikkje å prioritere sosial berekraft, og at klima og miljø får for stort spelerom. Desse kommunane framhevar at berekraftsomgrepet tradisjonelt har vektlagt miljø eller økonomi, noko som har medført ei nedprioritering av sosial berekraft. Ein kommune skriv at miljømessig og sosial berekraft har vorte nedprioritert i møte med «økonomiske realitetar». Kommunen held fram:



Dei fleste tenkjer miljø med ein gong ein seier berekraft, men om ein ser på kva berekraftsdimensjon som har fått størst spelerom, så er det openbert at økonomisk berekraft har fått styre utviklinga i veldig stor grad. Ein snakkar om ei 'Mikke Mus'-berekraft, der det økonomiske aspektet er hovudpunktet, medan sosial og miljøretta berekraft er øyra, mindre og meir til pynt. Det berekrafttrørsla freistar å oppnå i staden, er ei kransekake-berekraft. Her ligg den miljøretta berekrafta i botnen og er grunnlaget for all anna berekraft. (Ullensvang kommune, KPS)

Dette poenget vert spegla i enkelte kommunar sine skildringar av berekraft. Nokre kommunar har eit framståande fokus på klima og miljø i sine skildringar av ei berekraftig utvikling, og ser ut til å tematisere berekraft innanfor ein klimakontekst.

Vidare påpeiker den same kommunen at økonomisk utbytte av berekraft vil vere ein viktig motivasjon for å sikre at dei andre berekraftsdimensjonane vert tekne omsyn til.

Ein kommune skil seg ut ved å understreke korleis ei einseitig prioritering av miljø og økonomi kan få svært negative konsekvensar. Kommunen teiknar opp store linjer og peiker på samfunnsmessige og politiske konsekvensar.



*Måla er sett på som verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og å stoppe klimaendringane. I eit berekraftsperspektiv betyr dette at dersom den økonomiske og/eller den miljømessige dimensjonen blir for mykje prioritert over den sosiale dimensjonen, kan dette skade den økonomiske og/eller økologiske berekrafta som følge av blant anna sosial uro, manglande tillit mellom dei styrande og dei som er styrt.
(Kvinnherad kommune, KPS)*

Folkehelse <--> berekraftig utvikling

Ei rekke kommunar understrekar at folkehelse og berekraft er tett knytte saman. Til tider overlappar enkelte kommunar sine skildringar av (sosial) berekraft med skildringar av folkehelsearbeidet. Éin kommune framhevar denne samanhengen og beskriv folkehelsearbeidet slik:



*Det er ein klar samanheng mellom berekraftsmåla og folkehelse. Føremålet med folkehelsearbeidet er å gjera lokalsamfunna til ein trygg og god plass å leva, og gje alle innbyggjarane same moglegheit til å leva sunne liv.
(Bjørnafjorden kommune, planstrategi)*

Ein annan kommune formulerer seg svært likt når dei forklarar omgrepet sosial berekraft. Dette tyder på at desse omgrepa er nært i slekt, med fleire liknande trekk.



Sosial berekraft omfattar folks livsvilkår, arenaer i kvardagslivet, kvalitetar i lokalsamfunnet og miljømessige, økonomiske og sosiale rammevilkår. Ei slik avgrensing samsvarar med eit folkehelseperspektiv på samfunnsutvikling. (Osterøy kommune, KPS)

Vidare peiker skildringane frå kommunane på ein gjensidig påverknad mellom folkehelse og berekraft. Det kan tyde på at berekraftig utvikling er grunnleggande i folkehelsearbeidet, og at god folkehelse og effektivt folkehelsearbeid er ein føresetnad for ei berekraftig utvikling. Dette tovegs forholdet vert utdjupa i det vidare.

Berekraft som retningsgjevande i folkehelsearbeidet

Fleire kommunar understrekar at folkehelselova beskriv berekraftig utvikling som eit av fleire grunnleggande prinsipp i folkehelsearbeidet. Dette prinsippet legg føringar for godt folkehelsearbeid. Fleire kommunar nyttar også berekraftsmåla som grunnlag for folkehelseoversikta og påpeiker at dei fleste av desse måla er relevante for folkehelsearbeidet.



Nesten alle berekraftsmåla er relevante for helsa og livskvaliteten til befolkninga, og lokal innsats er heilt naudsynt for å nå måla. Berekraftsmåla er difor eit overordna mål og eit grunnlag også for folkehelsearbeidet i Fjaler kommune. (Fjaler kommune, folkehelseoversikt)

Ein kommune beskriv korleis folkehelsearbeidet må byggje på eit berekraftsperspektiv, der omsynet til folkehelsa i framtidige generasjonar vert teke vare på.



Folkehelsearbeidet må sees i et langsiktig perspektiv (generasjonsperspektiv). Satsing på folkehelsearbeid er en grunnleggende investering for livskvaliteten til den enkelte og for å sikre samfunnet en frisk og produktiv befolkning som kan bidra til økonomisk vekst og velstandsutvikling. Det er ikke bare tiltak med umiddelbar virkning eller virkning innenfor en kort tidsperiode som er nødvendig å sette i verk, men også tiltak som vil ha en positiv effekt for folkehelsen langt frem i tid. (Askøy kommune, folkehelseoversikt)

God folkehelse som ein føresetnad for berekraft

Fleire kommunar understrekar betydninga av god folkehelse for å oppnå ei berekraftig utvikling. God folkehelse vert av fleire kommunar skildra som ein føresetnad for å realisere dette målet. Ein kommune skriv følgjande:



Berekraftig utvikling er eit overordna mål for samfunnsutviklinga i Noreg og globalt. For å realisere dette målet er ei befolkning med god helse og livskvalitet og ei rettferdig fordeling av dette ein viktig føresetnad. (Askvoll kommune, folkehelseoversikt)

Fleire kommunar påpeiker difor at godt folkehelsearbeid vesentleg bidrar til å fremja innbyggjarane si helse, og dermed legg grunnlaget for ei berekraftig utvikling. Ein kommune skriv at dei kan påverke innbyggjarane si helse i «*ei meir rettferdig og positiv retning*» gjennom

folkehelsearbeid (Osterøy kommune, folkehelseoversikt). Ein annan kommune framhevar også betydninga av folkehelsearbeid:



Folkehelsearbeid, førebygging og helsefremjing er med på å styrke samfunnet si berekraft. Det å sikra ei frisk befolkning som er aktiv i arbeidslivet er avgjerande for velferdsstaten. (Kvam herad, Folkehelseoversikt)

Ein tredje kommune legg til:



Satsing på et godt helsefremmende og forebyggende arbeid gir en investering i et bedre liv for den enkelte og et bedre og bærekraftig samfunn for oss alle. (Askøy kommune, KPS)

Det vert også framheva at god helse og livskvalitet har betydning for utviklinga av lokalsamfunna. Ein kommune skriv at folkehelse er tett knytt til velferd, då gode levekår generelt fremjar god helse, og motsett. Kommunen utvidar også perspektivet og knyter det til sosial berekraft:



I eit vidare perspektiv er både folkehelse og velferd knytt opp mot sosial berekraft som ein viktig del av ei bærekraftig utvikling. (Osterøy kommune, planstrategi).

Sosial ulikskap - ei hindring for sosial berekraft?

Målet om å jamne ut sosial ulikskap i helse utgjer ofte eit grunnlag i dei kommunale planane til kommunane. Denne tematikken får særleg stor merksemd i folkehelseoversiktene. Sosiale forskjellar vert av fleire kommunar identifisert som ei av dei største utfordringane våre, og det vert understreka at å jamne ut desse forskjellane er ein prioritet. Likevel er det stor variasjonar mellom kommunane i kor hyppig dei omtalar sosiale forskjellar i helse. Nokre kommunar har eit gjennomgåande fokus på dette temaet i måla og fokusområda sine, og framhevar konsekvent denne utfordringa i dei kommunale planane. I andre kommunar vert utjamning av sosiale helseskilnadar utpeikt som eit mål, utan at dette vert omtalt i særleg stor grad vidare i planane. I nokre kommunar vert sosial ulikskap sjeldan eller aldri omtalt.

Blant mange av kommunane som legg vekt på sosial ulikskap i helse, er eit helsefremjande perspektiv framtrudande. Nøkkelomgrep som stadig vert trekte fram, er blant anna helse i alt vi gjer, den sosiale gradienten, sosiale påverknadsfaktorar og årsaker til årsaker. Nokre få kommunar trekker også linjer til såkalla «wicked problems», eller gjenstridige problem. Slike problem er komplekse, og det kan ofte vere usemje om korleis dei skal løysast. Generelt sett kan det verke som at mange av kommunane har ei grunnleggande forståing av korleis sosial ulikskap oppstår og påverkar helsa til innbyggjarane. Sosiale skilnadar vert relatert til blant anna utdanning, helseåtferd, levekår, bustad, oppvekstkår og så vidare. Det er likevel verdt å merke seg at fleire kommunar omtalar sosiale forskjellar i helse som viktig, utan at det helsefremjande perspektivet gjennomsyrrar planane i like stor grad.

Fleire kommunar antydar at å oppnå ei berekraftig utvikling er knytt til utjamninga av sosiale skilnadar. Ein kommune skildrar det på følgjande måte:



Ei berekraftig utvikling syter for å ha stø kurs på økonomien og halda sosiale skilnadar på eit minimum, dvs. unngå reproduksjon av sosialskilnad, i praksis vil det seia at ein ikkje produserer arenaer som aukar sosial skilnad. (Etne kommune, KPS)

Nokre kommunar vektlegg å sikre at alle innbyggjarar har *like moglegheiter til å leve eit godt liv*. Dette vert omtalt som ein grunnleggande del av sosial berekraft. Vidare vert det forstått av ei rekke kommunar som eit spørsmål om rettferd. Ein kommune skriv:



Rettferd er sentralt i omgrepet sosial berekraft ... Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Dei sosiale tilhøva seier noko om innbyggjarane si moglegheit til å påverke eigne liv og samfunnet dei lever i. (Kvinnherad kommune, folkehelseoversikt)

Kommunen påpeiker vidare at dei med låg sosioøkonomisk status vert hardare ramma av sjukdom og smerte, og at dette er eit rettferdsproblem. Også andre kommunar forstår sosiale forskjellar som eit spørsmål om rettferd. Ein kommune spesifiserer at ei berekraftig utvikling avheng av at god helse er rettferdig fordelt i befolkninga. Vidare vert det framheva at betydelege inntektsforskjellar, altså sosiale forskjellar, har negativ innverknad på både individet og samfunnet som heilskap.



For stor ulikskap i inntekt har negativ effekt på helse og sosiale relasjonar, og aukande ulikskap over tid vil true den økonomiske stabiliteten og demokratiet. (Kvinnherad kommune, folkehelseoversikt)

Med dette antydar kommunen at sosiale helseskilnadar utgjør ei hindring for berekraftig utvikling ved å skape ujamne moglegheiter i befolkninga.



Sosial berekraft går på det at vi skal ta vare på kvarandre. Ingen person er ei øy. Vi er alle del av eit stort fellesskap, både innanfor kommunen og utanfor dei administrative grensene vi har teikna opp på eit kart. Den rikaste personen i verda har lite å fara med dersom alle rundt er daude. Difor er sosial berekraft punkt to. Eit samfunn som ikkje tar vare på alle borgarane sine, vil historisk ikkje klare å vara. Når skilnadane blir for store, blir ulempene for store for alle innbyggjarane. Difor er det i alle si interesse at ein legg opp til eit samfunn som tar vare på alle. Slik skapar vi eit samfunn som kan utrette mykje meir, fordi mange fleire har tilgang til fleire ressursar og kan nytta dei på ein meir kreativ måte, noko som gir oss fleire og betre løysingar. Mange små veddemål gir lågare risiko enn eitt stort. (Ullensvang kommune, KPS)

Ein annan kommune understrekar det same poenget – at sosiale forskjellar hindrar samfunnet sine overordna utviklingsmoglegheiter. Kommunen understrekar at sosial berekraft handlar om omsorg for kvarandre og fellesskapet, og at manglande oppfyljing av dette prinsippet, med aukande forskjellar, truar samfunnet si berekraft.

Ein kommune påpeiker òg at kommunane har påverknadskraft over dei faktorane som skapar helseskilnadar, og at dei potensielt kan undergrave den sosiale berekrafta viss dei ikkje er medvitne på helsedeterminantane og korleis desse er skeivfordelte blant innbyggjarane.



Helse er ikkje berre eit resultat av individuelle forhold og levevanar, men blir òg påverka av levkår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning og bu- og nærmiljø. Planlegging gjev kommunen moglegheit til å omfordele slike påverknadsfaktorar. Kommunen kan kome til å svekke den sosiale berekrafta og vidareføre uheldige miljø- og samfunnsmessige forhold om ein ikkje er medviten på dei relevante påverknadsfaktorane og korleis desse blir fordelte i folkesetnaden. (Kvinnherad kommune, folkehelseoversikt)

Oppsummering av funn

Analysen viser at berekraftsmåla har fått ei tydeleg retningsgjevande rolle for arbeidet til kommunane. Dette synest å vere ein konsekvens av både nasjonale og regionale politiske føringar. Likevel observerer vi betydelege forskjellar i korleis kommunane forhold seg til og nyttar berekraftsmåla. Medan nokre kommunar både dedikerer stor plass til berekraftsmåla og knyter dei opp mot eigne målsetjingar og satsingar, viser andre kommunar ein meir sporadisk og sjeldan bruk av berekraftsmåla. Dette spriket mellom kommunane ser også ut til å gjelde for sosial berekraft. Sjølv om fleire kommunar identifiserer sosial berekraft som eit fokusområde, varierer bruken av omgrepet betydeleg.

I kommunane som omtalar sosial berekraft, er det særleg tre område som utpeiker seg. For det første kjem det tydeleg fram at mange kommunar meiner dei kan oppnå sosial berekraft ved å skape

berekraftige lokalsamfunn. Dette inneber at innbyggjarane kjenner tilhøyrse til kommunen, og at dei både har eit ønske om å bu der og moglegheit til å skape eit godt liv. Kommunane konkretiserer dette ved å uttrykkje eit ønske om å satse på bustader, sosiale møteplassar, næringslivet og så vidare. For det andre understrekar enkelte kommunar at den sosiale berekrafta i kommunen er direkte knytt til nok folk i kommunen. Altså at folketalet anten aukar eller held seg stabilt. Desse kommunane ser difor ut til å fokusere på å skape gode lokalsamfunn, med auka folketal som eit bakteppe. For det tredje påpeiker mange kommunar at sosial berekraft utgjør ein av tre berekraftsdimensjonar, som må sjåast i samanheng med kvarandre. Fleire gjer det også klart at det er ei tydeleg prioriteringsrekkefølge for desse dimensjonane.

Funna viser også at kommunane ser ein samanheng mellom berekraft og folkehelse. Kommunane skildrar både berekraftig utvikling som grunnleggande i folkehelsearbeidet og folkehelsearbeidet som essensielt for ei berekraftig utvikling. Den tette koplinga mellom berekraft og folkehelse vert også tydeleggjort gjennom at skildringa av dei to omgrepa til tider overlappar. Fleire kommunar går òg nærmare inn på samanhengen mellom berekraft og sosiale skilnadar i helse spesifikt. Desse kommunane sine skildringar antydgar at sosial berekraft vert skapt gjennom eit samfunn der alle har like moglegheiter til å delta, er inkluderte og kan påverke eigne liv – samstundes som dei indikerer at sosial ulikskap påverkar dette negativt. Dermed framstår sosial ulikskap som ei potensiell hindring for (sosial) berekraft.

4 DISKUSJON AV FUNN

I denne rapporten har vi undersøkt korleis kommunane i Vestland fylkeskommune forstår og tek i bruk sosial berekraft i plandokument, med eit særleg fokus på folkehelsearbeidet. I dette kapittelet skal vi diskutere nokre av hovudfunna i lys av problemstillinga.

Implementering av berekraftsmåla

Vi finn at fleirtalet av dei analyserte kommunane bruker FNs berekraftsmål som eit overordna rammeverk for planarbeidet. Kommunane uttrykkjer at berekraftsmåla har ein sentral posisjon i arbeidet deira. Dette tyder på at kommunane har forma plandokumenta i samsvar med nasjonale forventingar, slik dei er uttrykte i Stortingsmelding nr. 40 (2020–21). Dette reflekterer også ei bevisstheit blant kommunane om at berekraftsmåla er eit ønskt politisk satsingsområde framover. Likevel observerer vi at kommunane i ulik grad prioriterer berekraftsmåla i planane sine. Dette vert også påpeikt av Lundberg og kollegaer (2020). Rapporten deira karakteriserer kommunane si implementering av berekraftsmåla som prega av «strek i laget», der enkelte kommunar har kome godt i gang med arbeidet, medan andre har betydeleg arbeid framfor seg. Dei tydeleggjer at kommunane si implementering av berekraftsmåla viser stor variasjon i både progresjon og omfang av arbeidet, og dessutan forventingar til nytten av arbeidet. Dette kjem til uttrykk i ulike utfordringar og behov blant kommunane. Romsaas og kollegaer (2021) beskriv dette som «varierende mognad» blant kommunane, og hevder at dei fleste kommunar og fylkeskommunar har integrert berekraftsmåla i planarbeidet, men i varierende grad.

Lundberg og kollegaer (2020) viser også at kommunane sjølve erkjenner denne ubalansen i arbeidet med berekraftsmåla. Respondentane i spørjeundersøkinga deira skildrar ein overflatisk bruk av berekraftsmåla, der dei anten nemnast kort eller ikkje i det heile tatt i plandokumenta, og at dei ikkje spelar ei stor rolle i utforminga av planstrategien. Vår eigen analyse støttar dette funnet. Sjølv om eit knippe kommunar tilsynelatande har omfamna berekraftsomgrepet og gjort det til sitt eige, er det ein betydeleg del av kommunane som ser ut til å miste dette perspektivet utover i planane sine. Ein tendens er at berekraftsmåla nemnast innleiingsvis, utan at det vert følgt opp i tilstrekkeleg grad. Dette kan potensielt vere eit uttrykk for mangel på kunnskap blant kommunane om korleis dei skal jobbe med berekraft. Det kan òg signalisera ei avgrensa forståing av måla. Det gjev grunn til å spekulera om kommunane inkluderer berekraftsmåla primært på grunn av politiske føringar, utan å ha klart for seg korleis dei skal implementere dei i praksis.

Ifølgje Lundberg og kollegaer (2020) er implementeringa av berekraftsmåla i ein tidleg fase, og der dei er integrerte i planlegginga, er dei avgrensa til den overordna samfunnsplanlegginga. Denne trenden er også synleg blant kommunane i Vestland fylkeskommune. Nokre kommunar er framleis i startfasen, medan andre har kome godt i gang med implementeringa. Lundberg og kollegaer (2020) utvidar diskusjonen ved å peike på risikoen for at berekraftsmåla blir verande som visjonar og mål som ikkje vert følgde opp. Dei oppfordrar til å auke forståinga av korleis berekraftsmåla kan nyttast, og foreslår ei meir omfattande integrering av berekraftsmåla i kommunane sine økonomiplanar og handlingsplanar som eit naturleg neste steg i implementeringsprosessen. Basert på vår analyse kan det tyde på at implementeringa blant dei fleste vestlandskommunane ikkje er mogen nok for dette enno. Berekraftsmåla må sannsynlegvis innarbeidast endå betre i den overordna samfunnsplanlegginga før dei kan få ei viktig rolle i det vidare arbeidet.

Fleire understrekar behovet for auka kunnskap og kompetanse knytt til implementeringa av berekraftsmåla i kommunane sitt planarbeid (Romsaas et al., 2021 & Lundberg et al., 2020). Romsaas og kollegaers (2021) kartlegging av norske kommunar sitt arbeid med berekraftsmåla identifiserer fleire hindringar for arbeidet med desse måla. Manglande forståing av korleis berekraftsmåla kan implementerast i praksis vert framheva som ei av desse hindringane. Vår analyse viser at enkelte kommunar opplever utfordringar i implementeringsprosessen. Til dømes nemner ein kommune at dei ikkje har klart føre seg korleis berekraftsmåla kan gjerast meir handgripelege, medan ein annan kommune er usikker på korleis dei kan integrere måla i plandokumenta. Dette indikerer ei utfordring blant nokre kommunar med å forstå essensen av berekraftsmåla og konkret anvende dei i kommuneplanane sine. Også blant kommunane som ikkje gjev uttrykk for at implementeringsprosessen er utfordrande, vert berekraftsmåla nytta i avgrensa omfang.

Det som skildrast som «strek i laget» eller «varierende mognad», er noko vi også kjenner att i forståinga og bruken av omgrepet sosial berekraft i kommunane. På lik linje med berekraftsmåla inngår sosial berekraft ofte i kommunane sine plandokument, men graden av omtale varierer betydeleg mellom dei. Visse kommunar stiller dessutan spørsmål om korleis dei skal arbeide med sosial berekraft, noko som indikerer ei avgrensa forståing av omgrepet. Sjølv om dette berre vert påpeikt av eit mindre utval kommunar, kan det tenkjast at det er ei oppfatning som fleire kommunar deler. Det er dermed tydeleg at det er behov for auka innsikt og rettleiing for å hjelpe kommunane med å implementere sosial berekraft i planarbeidet deira.

Forståing av sosial berekraft

Fleire kommunar legg vekt på betydninga av å utvikle berekraftige lokalsamfunn for å skape sosial berekraft. I den samanhengen framhevar kommunane eit lokalsamfunn der innbyggjarane kjenner tilhøyrslø.

Vidare vurderer dei det som avgjerande at innbyggjarane *ønsker* å bu i kommunen, men ikkje minst at dei har *moglegheit* til å skape eit godt liv der. Denne oppfatninga resulterer i at kommunane satsar stort på å leggje til rette for gode og trygge lokalsamfunn med gode butilbod, eit blomstrande næringsliv, sosiale møteplassar, tilgjengeleg kollektivtransport og liknande.

Det ser ut til at ei rekke kommunar òg legg vekt på å utvikle lokalsamfunnet, sjølv om sosial berekraft ikkje vert omtalt direkte. I plandokumenta vert aspekt av sosial berekraft formidla gjennom andre nærliggjande omgrep, slik som livskraftige og levande lokalsamfunn og sterke lokalsenter. Dette tyder på at arbeidet med sosial berekraft kan ligge implisitt i kommunane sitt arbeid, men at dei nyttar eit anna omgrepsapparat. Studien til Nerbøberg og Busengdal (2023) viser at informantane oppfatta fokuset på sosial berekraft som ei omdøyping av eksisterande arbeid. Forfattarane skildrar ein situasjon der eksisterande ord og omgrep får tildelt nye namn. Det kan tenkjast at vår analyse også reflekterer ein liknande dynamikk, der kommunane prioriterer sosial berekraft i plandokumenta, sjølv om dette ikkje nødvendigvis er direkte opplagt.

FOLK = sosial berekraft?

Eit noko overraskande funn i analysen er korleis enkelte kommunar understrekar betydninga av folketal for sosial berekraft. Minkande folketal vert skildra som både ein trugsel og ein svekkjande faktor for berekrafta, medan auke i folketalet vert sett på som ein føresetnad for sosial berekraft. I studien til Lundberg og kollegaer (2020) antydar ein deltakar at utfordringane knytte til folkenedgang vert prioriterte framfor berekraftsmåla. Det vert framstilt som om bekymringa kring folkenedgangen går på kostnad av berekraftsarbeidet. Derimot opnar våre analysar for ei alternativ tolking. Det ser ikkje ut til at fokuset på å handtere folkenedgang går på kostnad av arbeidet med sosial berekraft. Snarare verkar det som om strategiar for å adressere

folketalsutviklinga, særleg å gjere kommunen til ein attraktiv stad å bu, vert sett som ein måte å *fremje* sosial berekraft på. Dette synest å vere knytt til kommunane si vektlegging av moglegheita til å skape eit godt liv, slik dei forstår sosial berekraft.

Eit vesentleg aspekt i denne diskusjonen er at sambandet mellom folketal og sosial berekraft vert framheva av eit mindretal kommunar. Dette trass i at minkande folketal framstår som ei utfordring i fleire av kommunane. Ei mogleg forklaring kan vere manglande kjennskap til sosial berekraft eller manglande bruk av dette som omgrepsapparat, noko som kan hindre kommunane frå å sjå ein direkte samanheng mellom desse faktorane. Til dømes brukar ein kommune termen «livskraftig samfunn» for å beskrive naudsynet av folkevekst. Sjølv om bruken av termen er annleis enn «sosial berekraft», er innhaldet elles svært likt.

Sosial berekraft - eit "begrep hvis tid er kommet"

Eit gjennomgåande poeng blant kommunane er anerkjenninga av at berekraft består av tre dimensjonar: sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Dette er i tråd med eksisterande litteratur på feltet og internasjonale føringar (Hofstad & Bergsli, 2017; Griessler & Littig, 2005). Det kjem klart fram at kommunane betraktar desse dimensjonane som sterkt samanknytte, og at dei må ivaretakast på kvar sin måte.

Eit utval kommunar understrekar at miljømessig berekraft vert rekna som fundamentalt for jorda sin eksistens og difor må anerkjennast som ein føresetnad for både sosial og økonomisk berekraft. Samstundes påpeiker nokre kommunar at omgrepet berekraft historisk sett har hatt ein tendens til å favorisere miljømessig og økonomisk berekraft, på kostnad av den sosiale dimensjonen. Dette kan ha samanheng med det Griessler og Littig (2005) karakteriserer som manglande klarleik rundt omgrepet sosial berekraft. Med det som bakteppe er det ikkje heilt overraskande at kommunane manglar ei djupare forståing av sosial

berekraft. Likevel er det verdt å påpeike at sosial berekraft no kan sjå ut til å gjere sitt inntog i norske kommunar. Zeiner (2022) finn eit kraftig oppsving i bruken av omgrepet sosial berekraft dei siste åra og konkluderer med at det no er «et begrep hvis tid er kommet». Denne utsegna kan førespegle ei mogleg endring i kommunane si tilnærming til sosial berekraft, der det kan få ei større rolle i kommunane sitt arbeid i tida som kjem.

Sosial berekraft og folkehelse - Ein felles agenda

I kommunane si omtale av folkehelse og sosial berekraft vert det tydeleg at dei ser desse to som gjensidig avhengige av kvarandre, som påpeikt av Hofstad og Bergsli (2017). Det vert tydeleg at målet om ei berekraftig utvikling skal gje retning til folkehelsearbeidet, samstundes som god helse i befolkninga er ein føresetnad for berekraft. Hofstad og Bergsli (2017) hevdar at folkehelseomgrepet har fått fotfeste som eit policyfelt i norske kommunar. Dette vert spegla i kommunane sine plandokument, der det synest å vere ei klar forståing av folkehelsearbeidet, inkludert korleis sosial ulikskap vert skapt og utvikla. Som følge av dette framstår folkehelsearbeidet som ein meir integrert del av kommunane si verksemd. Denne integrasjonen kan vere knytt til det auka fokuset på folkehelse dei siste åra etter innføringa av folkehelselova i 2012. Sjølv om FNs berekraftsmål vart introduserte i 2015, synest desse å ha hatt mindre gjennomslagskraft som eit allment akseptert policyområde samanlikna med folkehelsearbeidet. Det betyr ikkje at (sosial) berekraft er fråverande på kommunane sin dagsorden, men heller at det framleis står arbeid att før omgrepet er «allemannseige» på same måte som folkehelseomgrepet. Det verkar som om kommunane manglar ei sjølvstendig forståing av omgrepet sosial berekraft og strever med å kople det mot arbeidet sitt på ein hensiktsmessig måte, sjølv om det vert skildra som eit prioritert satsingsområde.

Hofstad og Bergsli (2017) argumenterer for at det er eit felles bindeledd mellom sosial berekraft og folkehelse, som kan utnyttast for å oppnå ei meir helsefremjande og utjamnande samfunnsutvikling, samstundes som dei to omgrepa vert haldne frå kvarandre. Dei meiner at desse omgrepa kan fungere som gjensidig inspirasjon for kvarandre når det gjeld utvikling av omgrep og policy. Spørsmålet vert om sosial berekraft kan lære noko av folkehelsefeltet sitt «gjennombrøt» i kommunane sitt arbeid. Det er mogleg for omgrepet sosial berekraft å nyttiggjere seg av erfaringane frå folkehelsefeltet og korleis det over tid har vorte ein naturleg del av omgrepsapparatet og arbeidsmetoden til kommunane.

I kommunane si utgreiing av folkehelsearbeidet er sosial ulikskap i helse eit gjentakande tema, i tråd med nasjonal strategi (Meld. St. 15 (2022-2023)). Som vi tidlegare har påpeikt, synest dei fleste kommunane å ha ei grunnleggande forståing av dei underliggande årsakene til slike helseskilnadar. Likevel observerer vi igjen ein betydeleg variasjon blant kommunane når det kjem til vektinga av dette temaet. Sosiale helseskilnadar som tematikk får størst plass i folkehelseoversiktene, medan nokre kommunar ser ut til dra inn dette perspektivet i alle dokumenta. Sjølv om majoriteten av kommunane anerkjenner sosial ulikskap som ei utfordring som treng merksemd, er det ikkje alle som klarer å integrere det godt i planane sine. Dette kan tyde på at for fleire kommunar er ikkje helseskilnadar ei høgt prioritert sak. Denne nedprioriteringa kan skuldast at desse kommunane opplever at dei ikkje har kapasitet til å adressere tematikken, eller at dei ikkje ser på sosial ulikskap som ei stor utfordring i sin kommune.

Vidare er det fleire kommunar som trekker linjer mellom sosial ulikskap og berekraftstematikken. Like moglegheiter for alle og rettferdig fordeling av gode vert framheva som sentrale element for å oppnå sosial berekraft. Særleg interessant er korleis to kommunar antydar at sosial ulikskap er ein trugsel mot samfunnet si evne til å skape ei berekraftig utvikling. Dette perspektivet utforskar ein mindre framstående, men likevel vesentleg, del av sosial berekraft. Medan fleire kommunar fokuserer på fysiske og sosiale faktorar, som sosiale møteplassar, gode

butilbod og kultur- og fritidsaktivitetar, når dei diskuterer sosial berekraft, er det færre som legg vekt på sosial rettferd. Det kan ha samanheng med at dette aspektet av sosial berekraft ofte vert oversett. Korleis enkelte kommunar inkluderer dette perspektivet i diskusjonane sine om sosial berekraft, vitnar om ein mogen omgrepsbruk som utmerker seg. Dette bør framhevast når kommunar skal skape sosial berekraft i framtida, og kan nyttast som ei kjelde til inspirasjon for andre kommunar.

Det å sjå agendaene sosial ulikskap og sosial berekraft i samanheng er det fleire som tek til orde for, særskilt på folkehelsefeltet. Eit viktig teoretisk bidrag på folkehelsefeltet var utviklinga av regnbogemodellen av Dahlgren og Whitehead (1991), som skisserer korleis individ vert påverka av ytre faktorar som bustad, lokalsamfunn, politikk og miljø. Regnbogemodellen har definert internasjonal politikktforming, vert nytta som eit teoretisk grunnlag i folkehelseleva og vert ofte nytta i lokalt folkehelsearbeid (Dyar et al., 2022). I tråd med samfunnsendingane med auka fokus på sosial ulikskap i helse har ein foreslått å revidere og vidareutvikle regnbogemodellen. I ein oppdatert og vidareutvikla versjon av regnbogemodellen, kjend som Östgötamodellen (2014), vert «eit berekraftig samfunn» skissert som det ytste laget, ettersom likskap i helse avheng av eit berekraftig samfunn (Dyar et al., 2022). Denne pedagogiske framstillinga av korleis berekraft heng saman med sosioøkonomisk status og helse, har resultert i at modellen er inkludert i Sveriges nasjonale rapport om ulikskap i helse og nytta i fagbøker. Modellen er utforma med lysare farge i det ytste laget for å demonstrere at det er nettopp her hovudpåverknaden av politikken ligg. Når ein ser omgrepa sosial berekraft og ulikskap i helse i ein slik pedagogisk modell, kan det bli lettare for dei som utformar politikk, å setje i verk nyttige tiltak som styrker sosial berekraft, med eit mål om å jamne ut helseskilnadar og betre folkehelsa. Ettersom alt tyder på at sosial berekraft er «et begrep hvis tid er kommet», er det viktig at dei som utformar politikk, kan nytte omgrepet til å skape handlekraft rundt sosiale helseskilnadar.

5 OPPSUMMERING

FNs berekraftsmål omhandlar globale trugslar for menneskja. Å gjere om desse overordna måla til lokal politikk for å oppfylle forpliktingar er ei viktig oppgåve kvar kommune arbeider med. I denne rapporten har vi vist korleis omgrepet sosial berekraft vert nytta i kommunalt planverk for å gje innsikt i korleis kommunar arbeider med å gjere om overordna prinsipp til lokal folkehelsepolitikk. Dokumentanalysen av kommunale plandokument i Vestland viser at det er eit ubrukt potensial når det gjeld å nyttiggjere seg av berekraftsmåla og omgrepet sosial berekraft. Funna i rapporten viser at kommunane er i gang med å implementere desse omgrepa i plandokumenta, men at arbeidet er prega av å vere i ein startfase. Rapporten synleggjer nokre kommunar som har lukkast med å nytte omgrepet som ei overordna og styrande rolle i dei lokale plandokumenta. I kommunane som nyttar omgrepet sosial berekraft, er det særleg tre område som utpeiker seg: For det første meiner mange kommunar at dei kan oppnå sosial berekraft ved å skape berekraftige lokalsamfunn. Dette inneber at innbyggjarane kjenner tilhøyrse til kommunen, og at dei både har eit ønske om å bu der og moglegheit til å skape eit godt liv. For det andre understrekar enkelte kommunar at den sosiale berekrafta i kommunen er direkte knytt til nok folk i kommunen. Desse kommunane ser difor ut til å fokusere på å skape gode lokalsamfunn, med auka folketal som eit bakteppe. For det tredje påpeiker mange kommunar at sosial berekraft utgjer ein av tre berekraftsdimensjonar, som må sjåast i samanheng med kvarandre.

Analysen viser også at kommunane ser ein samanheng mellom berekraft og folkehelse. Kommunane skildrar både berekraftig utvikling som grunnleggande i folkehelsearbeidet og folkehelsearbeidet som essensielt for ei berekraftig utvikling. Det å sjå desse omgrepa i samanheng vil kunne bidra til å styrke den lokale politikktutforminga. Analysen viser at nokre kommunar klarer å nyttiggjere seg av den sosiale berekraftsagendaen for å arbeide med lokale folkehelseutfordringar. Dette vert særskilt tydeleg der ein ser

samankoplinga av sosial berekraft og arbeidet med å utjamne sosiale helseskilnadar. Ved å integrere arbeidet med utjamning av sosiale helseskilnadar i arbeidet med berekraftsmåla kan det verte lettare å sjå kor ein bør setje inn tiltak i lokal politikktutforming. Denne samankoplinga av sosial berekraft og arbeidet med sosial ulikskap i helse vert også argumentert for i vidareutvikling av nye folkehelsemodellar som Östgötamodellen.

Medan kommunar arbeider med å utvikle lokal politikk for å skape berekraftige lokalsamfunn, er det viktig å reflektere over rammene kommunane arbeider innanfor, og kva rom ein har for tiltak. Berekraftsmåla inkluderer eit breitt spekter av satsingsområde, og viktige påverknadsfaktorar vil kunne ligge utanfor kommunal kontroll, snarare på regionalt og nasjonalt nivå. Det er difor viktig å sjå arbeidet med sosial berekraft i samanheng med fleire nivå og på tvers av ulike arenaer som forvaltning, næringsliv og frivillig arbeid.

6 REFERANSAR

Asdal, K., & Reinertsen, H. (2022). *Doing document analysis: a practice-oriented method*. SAGE.

Berg, B. L., & Lune, H. (2012). *Qualitative research methods for the social sciences* (8 utg.). Pearson.

Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77–101.
<https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>

Braun, V., & Clarke, V. (2019). Reflecting on reflexive thematic analysis. *Qualitative Research in Sport, Exercise and Health*, 11(4), 589–597.
<https://doi.org/10.1080/2159676X.2019.1628806>

Brundtland, G. H., & Dahl, O. (1987). *Vår felles framtid*. Tiden norsk forlag.

Dahlgren, G., & Whitehead, M. (1991). *Policies and Strategies to Promote Social Equity in Health*. Institute for Futures Studies.

Dyar, O. J., Haglund, B.J.A., Melder, C., Skillington, T., Kristenson, M. & Sarkadi, A. (2022). Rainbows over the world's public health: determinants of health models in the past, present, and future. *Scandinavian Journal of Public Health*. 50(7), 1047-1058.
[doi:10.1177/14034948221113147](https://doi.org/10.1177/14034948221113147)

Flick, U. (2009). *An Introduction to Qualitative Research*. (4 utg.). SAGE Publications Ltd.

FN. (1993). Conference on Environment and Development, Report Rio de Janeiro. FN.
<https://documents.un.org/doc/undoc/gen/n92/836/55/pdf/n9283655.pdf?token=cApKWvnpGeHlhVAmyG&fe=true>

FN. (2015). Paris Agreement. FN.
<https://www.un.org/en/climatechange/paris-agreement>

Folkehelseinstituttet. (2020). *Sosialt bærekraftige lokalsamfunn*.
Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/he/folkehelse/artikler/sosialt-barekraftige-lokalsamfunn/>

Griessler, E., & Littig, B. (2005). Social sustainability: a catchword between political pragmatism and social theory. *International Journal for Sustainable Development*, 8(1/2), 65-79. <https://nbn-resolving.org/urn:nbn:de:0168-ssoar-5491>

Helsedirektoratet (2018). *Folkehelse og bærekraftig samfunnsutvikling* (Rapport IS-2748). Helsedirektoratet.
<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/folkehelse-og-baerekraftig-samfunnsutvikling/Folkehelse.pdf>

Hofstad, H. & Bergsli, H. (2017). *Folkehelse og sosial bærekraft. En sammenligning og diskusjon av begrepsinnhold, målsettinger og praktiske tilnærminger* (NIBR-rapport 2017:1). By- og regionforskningsinstituttet NIBR Høgskolen i Oslo og Akershus.
<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/39fa0364feca496fa13f95e600525f1e/rapport-nibr---folkehelse-og-sosial-barekraft.pdf>

Hofstad, H. (2021). *Sosialt bærekraftige lokalsamfunn – en litteraturstudie* (NIBR rapport 2021:7), Oslo Met Storbyuniversitetet.
<https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/11250/2767557/2021-7.pdf?sequence=1>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2019). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019–2023*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
<https://konfliktraadet.no/wp-content/uploads/2021/06/Nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>

Lundberg, A., Granås, K., Bardal, B., Vangelsten, V., Brynildsen, M., & Bjørkan, M. (2020). *Strekk i laget: En kartlegging av hvordan FNs bærekraftsmål implementeres i regional og kommunal planlegging*. (NF rapport nr. 7/2020). Nordlandsforskning. https://www.regjeringen.no/contentassets/0847a707d08d49e8bf89f60dc659feab/rapport_nf7_2020_strekk_i_laget.pdf

Meld. St. 40 (2020–2021). *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Kommunal- og distriktsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20202021/id2862554/>

Meld. St. 15 (2022–2023). *Folkehelsemeldinga. Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20222023/id2969572/>

Nerbøberg, A.M. & Busengdal, E. (2023). Implementering av sosial bærekraft i det kommunale planarbeidet. Å innføre nye prinsipper med gamle verktøy? *Nordic Journal of Urban Studies*, 3 (1), 60-74. <https://doi.org/10.18261/njus.3.1.4>

Opp, S.M. (2017). The forgotten pillar: a definition for the measurement of social sustainability in American cities, *Local Environment*, 22(3), 286-305, doi: 10.1080/13549839.2016.1195800.

Romsaas, A. (red.)(2021). *The Norwegian Association of Local and Regional Authorities Voluntary Subnational Review – Norway. Implementation of the UN's Sustainable Development Goals in Norwegian Local and Regional Government*. KS - Kommunesektorens organisasjon. https://gold.uclg.org/sites/default/files/norway_2021.pdf

Sustainable development solutions network (2016). *Getting Started with the SDGs in Cities. A guide for Stakeholders*. Sustainable Development Solutions Network. <https://resources.unsdsn.org/getting-started-with-the-sdgs-in-cities>

WHO (2013). The Helsinki statement on health in all policies. World Health Organisation (WHO). https://www.who.int/healthpromotion/conferences/8gchp/8gchp_helsinki_statement.pdf

Zeiner, H.H. (2022). *Sosial bærekraft – en litteraturstudie*. (NIBR-notat: 2022:105). Oslo Met. <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/11250/3015353/2022-105.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Östgöta-kommissionen. (2014). *Östgöta-kommissionen för folkhälsa – slutrapport*. Östgöta-kommissionen. <https://www.regionostergotland.se/download/18.193d1c5618827c47a556cf7/1685707389898/Folkha%CC%88lsorapport%20m%20omslag.pdf>



UNIVERSITETET I BERGEN